20.08.2021

# Grunneier av 54/37 – telefonsamtale

Grunneier er opptatt av at tenkt fylling i sjø inne i Aunvågen opparbeides med rører som skal sikre at vann fra myrene og innsjøene på landareal kan få fri flyt ut i sjø. Grunneier opplyser om at det blir mye vann i myrene der på regnværsdager.

Videre opplyses det om at eiendommen i flo sjø har et privatrettslig dokument fra utskiftningspappirer fra 1920-tallet som tilsa at eiendommen i flo sjø var fellesarealer hvor alle grunneiere i området hadde rett til uttak av gratis grus. Grunneier stiller derfor spm. om lovligheten ved en slik fylling på fellesarealer i området.

## Halvard Vevang Straume

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Marius Ibs Øien-Hansen <marius.ibs.oien-hansen@kristiansund.kommune.no> |
| **Sendt:** | torsdag 2. september 2021 10:14 |
| **Til:** | Anne Marie Eian Valderaune |
| **Kopi:** | Jarl Arne Aspen |
| **Emne:** | SV: Melding om planoppstart - Detaljregulering Aunvågen Næringsområde, GID 53/2 og 53/23, Smøla kommune |

Hei
Da har vi i NIBR sett på denne detaljreguleringen.

Kommentarer:

- Slokkevann er et problem på hele Smøla, og det må ivaretas på nye byggeprosjekter. På dette prosjektet er vi nok hjulpet av at det er mulig å ta slokkevann fra Fløvatnet og sjø, men dette må tas med i planleggingen/prosjekteringen.

Generell kommentar er at naturen i brakkvannspollen, Aunevågen naturreservat og sjø må forsøkes beskyttet.

Med vennlig hilsen


**Marius Ibs Øien-Hansen** 71 57 39 56
Leder BoR forebyggende brann og feiing 924 09 464
marius.ibs.oien-hansen@kristiansund.kommune.no

**NORDMØRE**
INTERKOMMUNALE
BRANN- OG REDNINGSTJENESTE


**Fra:** Anne Marie Eian Valderaune <anne@ikon.as>
**Sendt:** mandag 9. august 2021 15:11
**Til:** Postmottak Smøla Kommune <postmottak@smola.kommune.no>; sfmrpost@statsforvalteren.no; post@mrfylke.no; firmapost@vegvesen.no; postmottak@mattilsynet.no; Postmottak <postmottak@fiskeridir.no>; rm@nve.no; Kundeservice NEAS Nett <kundeservice@neasnett.no>; info@knhavn.no; Marius Ibs Øien-Hansen <marius.ibs.oien-hansen@kristiansund.kommune.no>
**Kopi:** simen.m.iversen <simen.m.iversen@gmail.com>; Svein Ivar Iversen <Svein@okonomitjenesten.no>
**Emne:** Melding om planoppstart - Detaljregulering Aunvågen Næringsområde, GID 53/2 og 53/23, Smøla kommune

Høringsparter,

Vedlagt følger melding om planoppstart for detaljregulering av Aunvågen Næringsområde GID 53/2 og 53/23 i Smøla kommune

*Eksisterende bedrift innenfor eiendommen 53/23 driver i dag produksjon av yngel og settefisk og har et behov for ekstra arealer til å utvide sin virksomhet. Eier av eiendommen 53/2 ønsker å stille deler av sin eiendom til disposisjon for utvidelse av eksisterende virksomhet og samtidig se på mulighet for å kunne tilrettelegge hele eiendommen for næringsvirksomhet.*

*Det er blant annet ønskelig at reguleringsplan skal se på mulighet for landgjenvinning i Aunvågen. Foreslått arealer til landgjenvinning er på ca. 11 daa. Innenfor foreslått planavgrensning inngår et areal på ca. 166 daa.*

*Planforslag samsvarer delvis med kommuneplanens arealdel. Det er gjennomført politisk behandling på arealene innenfor planavgrensningen som ikke samsvarer med overordnet plan, og foreslått planavgrensning ble enstemmig vedtatt for igangsettelse av regulering.*

*Planforslag vurderes til å omfattes av forskrift om konsekvensutredning (FOR-2017-06-21-854) §§ 10a og 10b, og det skal gjennomføres en konsekvensutredning. Iht. forskriftens §§ 10 og 8a vil det ikke være nødvendig å fastsette planprogram.*

*Forslagsstiller anser at en konsekvensutredning bør omfatte naturmangfold i Aunvågen og eventuelle påvirkninger tiltak vil ha for Aunvågen naturreservat.*

**Frist for innspill til planoppstart er satt til 09.09.2021**

Vennlig hilsen

Anne Marie E. Valderaune
Arealplanlegger
anne@ikon.as
Mobil: 950 78 817

IKON

Hauggata 12-14
6509 KRISTIANSUND
Tlf : 71 54 04 55

## Halvard Vevang Straume

**Fra:** Roger Osen <roger@nekton.no>
**Sendt:** mandag 6. september 2021 13:52
**Til:** Anne Marie Eian Valderaune
**Kopi:** Christian Wikan
**Emne:** Innspill til Varsel om planoppstart Aunvågen

Hei

Viser til varsel om planoppstart detaljregulering Aunvågen næringsområde

Vi stiller oss positiv til at det startes opp en prosess med regulering i området og bidrar gjerne med våre tanker inn i videre prosess. Vi har i dette innspillet til planoppstarten noen punkter vi ønsker å klarlegge slik at misforståelser ikke oppstår gjennom prosessen.

- Det er i varslet om planoppstart og i den politiske behandlingen av saken i formannskapet lagt relativt stor vekt på hydrogenproduksjon i området. Dette kan være positivt både for utviklingen på dette spesifikke området og resten av Smøla. Det er hevdet at det på grunn av at smoltanlegget benytter seg av resirkulering av produksjonsvann og dermed betydelig reduksjon av i bruken av produksjonsvann. Dette er for så vidt riktig i forhold til forbrukt vann pr produsert fisk, men den produksjonen som er nå, er vesentlig høyere enn den som produksjonen som er mulig av denne vannkilden uten bruk av resirkulasjon. Dette sammen med Nekton Settefisk AS sine planer om økt produksjon av settefisk fremover medfører at det ikke er nevneverdige vannreserver i området.

- Nekton Settefisk AS driver med biologisk produksjon der sluttproduktet av vår produksjon er mat. Dette medfører at vi må ha streng kontroll på interne og eksterne påvirkninger som kan oppstå gjennom hele produksjonen. Dette kan være seg støv, støy, vibrasjoner fra anleggsperioden og utslipp til både ferskvannsbasseng og sjø. Vi ber derfor om en tett dialog med tiltakshaver via planlegger under hele prosessen.

- I den saksfremlegget til den politiske behandlingen av saken er det en del misvisende saksopplysninger som kan være virke rotete og forårsake misforståelser for andre parter. Det heter i brevet at tiltakshaver er Nekton Settefisk AS. Dette er feil og riktig skal være Simen Myren Iversen. Det heter videre at «Foretaket Nekton Settefisk A/S/Nekton A/S v/Simen Myren Iversen har konsesjon for produksjon av yngels-settefisk og matfiskoppdrett av torsk og andre maritime arter. VI presiserer at Simen Myren Iversen ikke er en del av Nektonsystemet og dermed ikke representerer Nekton.

- I anmodningen om oppstartsmøte sendt fra IKON til Smøla Kommune datert 15.03.2021 anmodes det om oppstart og igangsetting av regulering: «På vegne av tiltakshaver Nekton Havbruk AS anmodes det om tillatelse til oppstart regulering, etter plan- og bygningsloven §12-8». Vi presiserer med dette at Nekton Havbruk AS ikke er en del av denne saken, og ser at dette kan ha forledet saksbehandlingen i Smøla Kommune til å anta at Nekton var en del av reguleringen.

- Velger å presisere dette i en tidlig fase da det selve reguleringsprosessen kan oppstå interesser som ikke nødvendigvis er mulig/ønskelig å gjennomføre i området mellom reel tiltakshaver og Nekton som allerede etablert næringsaktør i området og at dette for parter som eksempelvis regionale og statlige myndigheter som ikke kjenner forholden så godt kan virke «snodig»

Mvh

**Roger Osen**
Tlf: 92 86 19 49
roger@nekton.no

Nekton Gruppen AS
**NEKTON.NO**

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ikon Arkitekt & Ingeniør AS,
Hauggata 12-14
6509 KRISTIANSUND N

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| | 09.08.2021 | 112085/2021/REGULERINGSPLAN/1573 | Johnny Loen, 71 28 02 43 | 06.09.2021 |

# Smøla kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gbnr 53/2 og 23 - Aunvågen Næringsområde - fråsegn til oppstart

-

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

## INNLEIING

Saka gjeld eit reguleringsframlegg med sikte på utvikling av næringsverksemd tilknytt eksisterande verksemd. For ein stor del er framlegget i samsvar med overordna kommuneplan, men avhengig av det konkrete planforslaget, vil også kommuneplanen kunne utfordrast noko når det gjeld storleiken på området. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader.

## INNSPEL TIL PLANARBEIDET

### Planfaglege merknader m.m.

Kommunen har konkludert med KU-plikt i medhald av KU-forskrifta § 8, dvs. utan planprogram. Vi har ikkje merknader til dette, og er samd i at det viktigaste utgreiingstemaet kan vere knytt til natur-/vassressursen Aunvågen, og det er ikkje utan vidare gitt at ein bør fylle den inste vågen slik som skissert.

Vi vil for ordens skuld peike på at utgreiing av dette temaet uansett må vere ein del av ein samla planomtale som seier noko om verknader i full breidd, jamfør pbl § 4-2.

Det er positivt at kommuneplanens framlegg om næringsområde blir følgt opp med reguleringsforslag, slik at planen kan realiserast. Planområdet ligg berre eit par kilometer unna kommunesenteret på Hopen, og slik sett er plasseringa gunstig dersom det kjem aktivitet som ikkje lar seg innpasse i ein tettstad. Eksisterande verksemd er av ein slik type, og det vil vere gunstig å samle fleire arbeidsplassar på same stad og nær bustadområde og andre funksjonar i kommunesenteret. På sikt kunne ein kanskje også tenke seg gang/sykkelveg mellom dei to lokasjonane?

Planen må derimot ikkje opne for verksemder som heller burde ligge i kommunesenteret og konsolidere dette. Konkret betyr dette at Aunvågen bør vere ope for industriproduksjon, transportfirma, større lagerbygg m.v, medan tenesteytande verksemder, konsulentfirma etc, bør kanaliserast til Hopen. Dette må avgrensast gjennom kartformål og føresegner.

Vi kjenner ikkje til i kva grad eksisterande verksemd gjer nytte av sjøtilkomst, men ut frå kvar verksemda ligg, er det ikkje tilflot for større, båtar. Dersom det er eit poeng å legge til rette for mindre båtar, vil det også vere nødvendig å drøfte nautiske spørsmål i planomtalen.

**Samferdsel**
Fylkesveg 6200 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 417 køyretøy og fartsgrensa er 80 km/t. Vegen er i rammeplan for avkøyrsler og differensierte byggegrenser gitt haldningsklasse «mindre streng», og byggegrense 30 m målt frå senterlinje veg. Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som positivt at planen har ei slik avgrensing at han sikrar avklaringar rundt avkøyrsle og frisikt.

<u>Om byggegrensene</u>
Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan det ikkje byggast innanfor byggegrensa. Dette gjeld alle byggverk, inkludert laus kiosk, opplag eller anna større innretning, vareramper, murar og liknande innretningar, utsprengde og utgravne rom, nettstasjonar m.v.

Byggegrensa må visast i kartet, og talfestast i tilhøyrande føresegn. Langs fylkesveg 6200 skal ho som nemnt vere 30 m frå senterlinje veg.

<u>Trafikktryggleik</u>
Saksprotokoll frå planoppstart Aunvågen (møtedato 08.06.2021) opplyser følgande (utdrag):

> *«Med kort beliggenhet fra Hopen sentrum og boligområde, reduserer man reisevei mellom arbeidsplass/industriområde og kommunesenteret/boligområde.»*

Planforslaget må omtale eventuell trafikkauke, trafikkløysingar, kollektivtrafikk, samt situasjonen for mjuke trafikantar. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, beskriving av planforslaget, verknader av planforslaget, eventuelt avbøtande tiltak og rekkefølgekrav.

<u>Køyretilkomst</u>
Møre og Romsdal fylkeskommune ser det som svært positivt at planforslaget legg til rette for å samlokalisere dagens avkøyrsler frå fylkesvegen.

Føresegnene må sikre at tilkomsten blir utforma i tråd med gjeldande, tekniske krav, jf. Statens vegvesen sine normalar. Rekkefølgeføresegn må sikre opparbeiding/utbetring av køyretilkomsten som første del av utbygginga i planområdet.

Vegnormalane skil på avkøyrsle og kryss, der det er ulike krav til geometrisk utforming. Siktkrava vil også vere ulike for ny- og/eller eksisterande køyretilkomst. Det må bli opplyst om forventa trafikk i køyretilkomsten, herunder talet på store køyretøy.

Etablerte køyretilkomstar som skal bli stengt som følge av samlokalisering (figur), må bli vist som stengde i reguleringsplankartet, og rekkefølgeføresegn må sikre at desse blir sanert når ny avkjørsle blir opparbeidd.



*Figur 1: «Figur 3: Planavgrensning med ønsket fylling i sjø» i varsel om oppstart som viser samlokalisering av avkøyrsler.*

Frisiktsonene
Det at køyretilkomsten sine frisiktsoner blir inkludert i planavgrensinga vil sikre forvaltning, drift og vedlikehald. Innanfor sikttrekanten skal mellom anna eventuelle sikthindringer ikkje være høgare enn 0,5 m over primærvegen sitt køyrebanenivå (jf. N100 4.1.1.6 Siktkrav). Frisiktsoner må bli talfesta, helst i plankart, ev. i føresegner.

Stoppsikt langs fylkesvegen
Ved utvida bruk av eksisterande køyretilkomst må det bli gjennomført kontroll av at sikta langs sjølve fylkesvegen er i samsvar med krav, jf. N100

Møre og Romsdal fylkeskommune sin eigedom
Areal utanfor sjølve fylkesvegen, som Møre og Romsdal fylkeskommune eig, skal ha formål «annan veggrunn».

Støy
Støy må blir vurdert i samsvar med T-1442 og planforslaget må inkludere støysoner, føresegner og ev. avbøtande tiltak.

Fråvik
Dersom gjeldande, tekniske krav ikkje kan oppfyllast må det blir søkt fråvik. Sjå informasjon og søknadsskjema på vegvesenet sine heimesider:

https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker/omhandbokene/vegnormalene/fravik/fravik-fra-krav-i-vegnormalene

**Automatisk freda kulturminne**
Vi vurderer planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til aktivitetsområde og buplassar frå eldre steinalder. Planområdet har vore strandbunde mellom ca. 9000-8000 BP. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekke utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Vi ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett.

Vesentlege uføresette forhold kan gi grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett. Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år. Dei nye satsane gjeld frå 02.06.2021.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura. Fakturadresse må vere ei e-postadresse, fortrinnsvis ei firma-adresse.

**KONKLUSJON**
Vi stiller krav om arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10.

Vi viser elles til merknader ovanfor og ber om at dei vert vidareført i planarbeidet.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

Fagsaksbehandlar
Samferdsel: Rådgivar Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog/rådgivar Carl Fredrik Wahr-Hansen Vemmestad
tlf. 907 72 660

Vedlegg:
Budsjett arkeologiske registreringar

Kopi:
Småla kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 07.09.2021
Vår ref: 2021/3930

Dykkar dato: 09.08.2021
Dykkar ref: 0967 AMV

IKON ARKITEKT & INTERIØR AS AVD KRISTIANSUND
Hauggata 12
6509 KRISTIANSUND N

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

**Smøla kommune**
**Detaljregulering Aunvågen næringsområde - 53/2 og 53/23**
**Innspel og merknader til oppstart av planarbeid**

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Vi viser til varsel om oppstart av detaljregulering for Aunvågen næringsområde. Planen skal legge til rette for vidareutvikling av verksemda til Nekton settefisk AS, småindustri og næring, samt hydrogenproduksjon.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

**Natur- og miljøvern (naturmangfald)**
Planområdet ligg nært opp til Aunvågen naturreservat. Verneverdiane i naturreservatet er knytt til det nasjonalt verdfulle kystområdet med urørt, sjeldan og sårbar natur. Området har særleg zoologisk verdi som overvintringsområde for fugl, hekkeområde for havørn og har ein svært tett oterbestand. Ei utviding av næringsområda mot verneområdet, kan medføre uønska forstyrringar som verkar negativt inn på artane som lev her. Dette må greiast ut som del av konsekvensutgreiinga, jf. også kravet i naturmangfaldlova § 49: «*Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. (...)*».

Søraust i planområdet er det registrert ein mindre, lokalt viktig brakkvasspoll (I05) med småhavgras. Denne har tilsig av vatn frå nedbørsfeltet sør for Vestsidevegen, og heng saman med naturtypen *bløtbunnsområder i strandsonen* (I08) som dekkjer heile Aunvågen. Denne lokaliteten er verdsett til *svært viktig*. Blautbotnområda i strandsona er levestad for eit stort tal artar og kan ha ein høg produksjon. Både pollar og blautbotnsområde er viktige beiteområde for fugl. Begge naturtypane er utsett for utbygging og utfyllingar i strandsona. Planen vil legge til rette for utbygging på

næringsarealet, mellom anna ved å vinne land ved utfylling i sjø. Utfylling i sjø vil ha konsekvensar for artar og naturmiljøet som følgje av nedbygging av areala, og indirekte ved at botnsediment vert virvla opp og partiklar slammar til marine organismar. Utfylling i sjø er heller ikkje i tråd med kommuneplanen.

Ut frå dei naturfaglege verdiane som er knytt til grunne, marine område og strandsonenaturen generelt, rår vi frå utfylling i sjø. Området kring brakkvasspollen og inst i vågen bør i staden regulerast med omsyn til å ta vare på naturverdiane. Dersom ein likevel vel å gå vidare med planane om utfylling, må det gjerast ei naturtypekartlegging i sjø etter DN-håndbok 13, samt artsregistrering av botnfaunaen. For kartlegging og bruk av naturdata i konsekvensutgreiinga, skal ein nytte anerkjent metodikk i Veileder M-1940 Konsekvensutredninger for klima og miljø frå Miljødirektoratet.

Det må vidare takast omsyn til naturtypen erstatningsbiotoper (D14), som er ein naturtype langs vegkanten med ei rekkje erteplanter som er viktige for pollinerande insekt, samt ein interessant flora. Lokaliteten er verdsett til *viktig*. Eventuelle inngrep bør restaurerast eller kompenserast.

Ved eventuelle gravetiltak og masseflytting er trygg på at det ikkje vert tilført framande planteartar til naturtypen og planområdet elles.

### Vassforvaltning

Det er eit nasjonalt mål at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand eller godt økologisk potensial. Ingen vassførekomstar skal få dårlege tilstand som følgje av auka tilførsel av næringssaltar eller partiklar i tråd med krava i vassforskrifta. Kommunane skal planlegge arealbruken slik at miljømåla for vassførekomstar i vassforskrifta vert nådde. Både utslepp og fysiske inngrep kan føre til at livsmiljøet for vasslevande organismar vert endra.

Det må gjerast ei vurdering etter vassforskrifta § 12 av planframlegget for resipienten i Aunvågen og Smølas nord- og vestside, samt Fløvatnet. Det må gjerast greie for tilgang på ferskvatn og korleis dette skal dekke det framtidige behovet til settefisk- og hydrogenproduksjon. Vi forventar at ein held seg innafor gjeldande konsesjonsgrenser for uttak og overføring av vatn frå Fløvatnet, Kolbergvatnet og Kolbergtjønna.

Planframlegg som kjem i konflikt med krava i vassforskrifta § 12, for å kunne tillate ny aktivitet eller inngrep i strid med miljømåla i vassforskrifta §§ 4-7, vil kunne vere grunnlag for å fremje motsegn. For nærare rettleiing til bruk av vassforskrifta § 12, sjå Vannportalen.

Det må fastsettast byggegrense mot vassdrag, og arealet regulerast til «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone» (pbl § 12-5 nr. 6) med underføremål og føresegner som sikrar naturleg kantvegetasjon i tråd med vassressurslova § 11.

### Støy

Det må gjerast ei støyfagleg vurdering, for å avklare om gravlunden og naturreservatet får auka støybelastning ut over dei tilrådde grenseverdiane for «*stille områder*», jf. tabell 3 i *T-1442/2021 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*. Sjå også rettleiar *M-2061 Veileder om behandling av støy i arealplanlegging* frå Miljødirektoratet som utdjupar retningslinene i T-1442/2021. Støysonene bør visast i plankartet.

**Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima**
*Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging skal* leggast til grunn i planarbeidet. Denne seier mellom annan at utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvenlege transportformer.

Næringsområdet i Aunvågen ligg om lag 2 km frå kommunesenteret Hopen, og plasseringa her er godt eigna for etablering av verksemder som ikkje er publikumsretta eller arbeidsplassintensive. Reguleringsplanen bør difor styre kva for type næringar som kan etablerast i Aunvågen, slik at detaljhandel og anna sørvisnæring vert prioritert lokalisert til kommunesenteret.

**Samfunnstryggleik og klimatilpassing**
Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. Storulukke må òg vurderast i ROS analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

**Konklusjon**
Vi viser til merknadene over, og ber om at desse vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Astrid Buset
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

**Fagsaksbehandlar**
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71 25 84 89

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mattilsynet | Postboks 383 | 2381 | Brumunddal |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |
| Smøla kommune | Postboks 34 | 6571 | SMØLA |
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Postboks 5091, Majorstua | 0301 | OSLO |

IKON Arkitekt & Ingeniør AS

Dykkar ref:
Vår ref: 2021/160108
Dato: 09.09.2021
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel

Mattilsynet

# UTTALE TIL OPPSTART AV DETALJREGULERING - AUNVÅGEN NÆRINGSOMRÅDE GNR 53 BNR 2 OG 23 - PLAN ID 1573-2020-0001

Som statleg mynde forvaltar Mattilsynet regelverk for drikkevatn og akvakultur, og har difor i oppgåve å fylgje opp det som gjeld drikkevatn og akvakultur i private og kommunale planar.

I drikkevassforskrifta står det at vassverkseigaren skal sikre at vassforsyningssystemet leverer tilstrekkelege mengder drikkevatn til ei kvar tid og at drikkevatnet er helsemessig trygt og overheld grenseverdiane i drikkevassforskrifta. Difor må det, før planen blir vedteken, sikrast at vassverket har leveringskapasitet til den planlagde utbygginga, sjølv om det står at kommunalt vatn berre vil fungere som kriseløysing.

Nekton AS har eit behov for ekstra areal for å kunne utvide verksemda si. Ei utviding av aktiviteten vil kunne kreve særskild sakshandsaming (og eventuelt løyve) frå Mattilsynet og eventuelle andre etatar.

Det er viktig at arbeidet ikkje går utover fiskehelse og velferd, beredskap, osv., for fisken på anlegget, omkringliggande miljø og nærliggande lokalitetar.

Med helsing

Magne Andreas Cartfjord Mo
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.*
*Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

www.mattilsynet.no

**Mattilsynet**
**Seksjon primærproduksjon Nordmøre og Romsdal**

Saksbehandlar: Kjersti Brandsar
Tlf: 22400000
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Hugs namnet til mottakaren)

Postadresse:
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

Statens vegvesen

IKON ARKITEKT & INGENIØR AS
Hauggata 12-14
6509 KRISTIANSUND N

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Transport og samfunn | Dröfn Helgadottir / 71274186 | 21/163237-4 | | 10.09.2021 |

# Uttale til melding om planoppstart - Detaljregulering Aunvågen Næringsområde - gnr. 53 bnr. 2 og 23 - Smøla kommune

Vi viser til brev datert 09.08.2021 med varsel om oppstart for detaljregulering av Aunvågen Næringsområde i Smøla kommune.

## Saken gjelder

Eksisterende bedrift innenfor eiendommen gnr. 53 bnr. 23 driver i dag produksjon av yngel og settefisk og har et behov for ekstra arealer til å utvide sin virksomhet. Eier av eiendommen gnr. 53 bnr. 2 ønsker å stille deler av sin eiendom til disposisjon for utvidelse av eksisterende virksomhet og samtidig se på mulighet for å kunne tilrettelegge hele eiendommen for næringsvirksomhet.

Planforslaget er delvis i strid med kommuneplanens arealdel som har avsatt foreslått planområdet til nåværende og fremtidig næring, LNFR samt bruk og vern av sjø, vassdrag og strandsone. Det foreligger ellers ingen eksisterende reguleringsplaner innenfor planområdet.



*Oversiktskart - viser planonrådet ifht. kommunesenteret Hopen*



*Planområdet ifht. KPA*

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det skal gjennomføres en konsekvensutredning uten fastsatt planprogram. Det foreslås dog at konsekvensutredningen skal ta for seg naturmangfold i Aunvågen og eventuelle påvirkninger på Aunvågen naturreservat.

**Statens vegvesens rolle i planleggingen**

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er *«å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem»*.

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

**Statens vegvesens innspill til planforslaget**

Statens vegvesen har ingen vesentlige merknader til planoppstart som varslet. Avvik fra kommuneplanens arealdel er ikke av slikt omfang at det berører de nasjonale interessene vi er satt til å forvalte. Det er positivt at planområdet omfatter fylkesvegen og gir rom for å plassere og utforme trygge og gode løsninger. Vi er ellers enige i Statsforvalterens og Fylkeskommunens merknader ang. samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging. Planen må styre, igjennom fastsetting av formål og bestemmelser, hvor slags virksomheter skal kunne etableres innenfor planområdet. Virksomheter for tjenesteyting, detaljhandel, kontorer osv. må unngås da disse bør henvises til områder innenfor kommunesenteret.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Dröfn Helgadóttir

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Norges vassdrags- og energidirektorat
NVE

IKON Arkitekt og Ingeniør AS
Postboks 25
6571 SMØLA

Vår dato: 08.09.2021
Vår ref.: 202113077-2
Arkiv: 323
Deres dato: 09.08.2021
Deres ref.: 0967 AMV

Saksbehandler:
Ole-Jakob Sande

# NVEs innspill til varsel om oppstart av reguleringsplan for Aunvågen Næringsområde - Gnr. 53 bnr. 2 og 23 i Smøla kommune

Vi viser til brev datert 09.08.2021. Saken gjelder varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Aunvågen Næringsområde på Smøla. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utvidelse av eksisterende anlegg for produksjon av settefisk og matfisk, samt vurdere muligheten for å legge til rette for annen industri.

## Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

## NVEs konkrete innspill

### Hensyn til vassdrag

I referat fra oppstartsmøtet står det at vannforsyning trolig må oppgraderes, mens det i varselbrevet er vurdert at ny teknologi ikke er behov for større vannmengder. Det er ikke gitt opplysninger om hvilke vannmengder som kreves for tiltaka som planen skal legge til rette for.

NVE mener at det må avklares tidlig hva som er reelt behov for ferskvann til planområdet, og om det er tilstrekkelig tilgang på ferskvann i området. Vi gjør oppmerksom på at eventuelt øket uttak av ferskvann krever konsesjon etter vannressursloven. På generelt grunnlag anbefaler vi å legge anlegg til område med god tilgang på ferskvann.

NVE minner om at det ved etablering av anlegg for produksjon av settefisk/landbasert akvakultur, der det er forbruk av ferskvann, så skal dette avklares etter vannressursloven før det kan gis tillatelse etter akvakulturloven, jf. akvakulturloven § 6, punkt d). Vi viser også til søknadsskjema for akvakultur i landbaserte anlegg (pkt. 2.4) samt veileder for utfylling av søknadsskjema der det står følgende: *«For akvakultur - med uttak av ferskvann - avgjør NVE om inngrepet er konsesjonspliktig etter vannressursloven. Søknad og henvendelse om konsesjonsplikt skjer til NVEs aktuelle regionkontor, og det skal foreligge konsesjonsfritak eller konsesjon før søknaden sendes fylkeskommunen.»*. Det er fylkeskommunen som gir tillatelser etter akvakulturloven.

Planområdet omfatter deler av Fløvatnet, og i sørlige deler av planområdet er det myrer og mindre tjern. Konsekvenser for vassdragsmiljøet må avklares for planlagt utbygging. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør benyttes til å regulere vassdrag med f.eks. underkategorien «Natur og friluftsliv».

Ifølge vannressurslova (vrl) § 11 skal det langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring opprettholdes et avgrensa naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir leveområde for planter og dyr. Bredden på vegetasjonsbeltet kan fastsettes i reguleringsplanen.

Dersom planen innebærer inngrep i vassdraget må det gjøres rede for om det er knyttet allmenne interesser til vassdraget, og hvordan inngrepet påvirker disse interessene. Eksempel på allmenne interesser er fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, hensyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flom og skred osb. Det bør også gjøres greie for eventuelle kompenserende tiltak for å redusere konsekvenser for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillatt i reguleringsplan ikke trenger særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming forutsetter at planen gir en god beskrivelse av tiltaka og at konsekvensene for allmenne interesser er vurdert.

**Hensyn til energianlegg**
En høyspentledning som er en del av distribusjonsnettet, går inn i planområdet. Mindre kraftledningsanlegg innenfor områdekonsesjonene faller innenfor virkeområdet til pbl og kan reguleres som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

**Hensyn til naturfare**
Langs Fløvatnet er det mulig flomfare, jf. aktsomhetskart for flom NVE Atlas. NVE anbefaler at det blir gjort konkrete vurderinger av reell flomfare i planområdet.

**Generelle råd**

For å få en fullstendig oversikt over hvordan dere kan ta hensyn til våre tema i reguleringsplanen anbefaler vi dere å bruke våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og veiledningen lagt opp etter plannivå. Vi vil særlig vise til Kartbasert veileder for reguleringsplan. Veilederen leder dere gjennom alle våre fagområde, og gir dere verktøy og innspill til planarbeidet. Den som utarbeider planen, har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

**NVEs oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

| | |
|---|---|
| Øyvind Leirset<br>seksjonssjef | Ole-Jakob Sande<br>senioringeniør |

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Smøla kommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL